



APAF Bergen
v/ eric claudey

Dato: 19.06.2014
Vår ref.: 2014/10299-145
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak -drift av lokale innvandrorganisasjonar søknad

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til drift frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet(IMDI) si ordning med driftstilskot til innvandrorganisasjonar, forvalta av fylkeskommunane.

Kultur- og ressursutvalet handsama saka på møte 13.mai i år og vedteke at dykkar søknad diverre vert avslått.

Grunngjeving

For 2014 var det 31 søknader om støtte til drift og kr 325 000 vart fordelt.

IMDI har vedteke retningslinene for ordninga, og vi har vurdert dykkar søknad opp mot desse. De var gitt avslag.

Nærare informasjon og grunngjeving går fram av saksframlegg med vedlegg.
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1531>

Klage og dokumentinnsyn

Vedtaket kan klagast på innan ein frist på 3 veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Om de i tillegg har søkt midlar til prosjekt/tiltak gjennom del 2 av denne IMDI-ordninga, vil de få eit eige brev/e-post med svar på denne søknaden.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B. Skaar

Seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.